

Lån til kjøp av bustad i prosjekt – saksgangen vidare

Husbanken har innvilga søknaden om lån til kjøp av bustad i eit prosjekt som er godkjent for finansiering i Husbanken. Dersom du/de er usikre på om prosjektet er godkjent for finansiering i Husbanken, må du/de kontakte seljar.

Når du/de legg inn bod på ein bustad kan de oppgi saksnummeret de har fått frå Husbanken til utbygger/meklar. Utbygger/meklar vil då kontakte Husbanken for å få ei stadfesting på finansiering til å kjøpe den konkrete bustaden.

Husbanken vil ikkje oppgi kor mykje lån som er innvilga til utbygger/meklar, berre bekrefte at kjøpesummen er innanfor det som er godkjent.

Proessen vidare:

1) Du/de må inngå kjøpekontrakt med seljar:

Du/de har ein frist på tre månader frå de tok imot lånetilsegna til å inngå kjøpekontrakt med seljar. Når kjøpekontrakten er underteikna, må de sende ein kopi av denne til Husbanken.

Når Husbanken har motteke kjøpekontrakten vil du/de få tilsendt ein kopi av gjeldsbrev/låneavtale, SEF-skjema, pantedokument og eventuell forsikringserklæring.

2) Du/de må sende inn pantedokumenta til seljar

Du/de må signere og sende pantedokumenta til seljar (utbygger/meklar). Seljar vil då sørge for at pantedokumentet blir tinglyst.

Alle som får eigarskap (heimel) til eigdommen må skrive under som pantsettarar i pantedokumenta. Felta er merkte med namn. Vitne må bekrefte underskriftene. Dersom berre éin av ektefellane skal eige bustaden, og bustaden skal vere felles, må den andre ektefellen samtykke (eige felt i pantedokumentet).

3) Du/de må søke om utbetaling av lånet:

Så snart bustaden er ferdig og innflytting nærmar seg, må du/de søke om å få lånet utbetalt. Du/de må då fylle ut [«HB 7.S.06n Søknad om utbetaling av tilsagt lån/tilskot»](#) og sende dette til Husbanken saman med følgande vedlegg:

- Dokumentasjon på at eigenkapital er betalt inn til oppgjørsansvarleg (eksempelvis kontoutskrift eller utskrift av transaksjonen). Dersom eigenkapitalen består av innvilga topplån eller mellomfinansiering i ein annan bank, må du sende med ein kopi av låneavtalen.

- Dersom eigeidommen ikkje er eit seksjonert sameige og har ein verdi på mindre enn 12 mill., må du/de fylle ut og sende inn forsikringserklæringa som du/de fekk saman med kopi av låneavtalen og pantedokumenta.
- Dersom du ikkje ønsker å signere gjeldsbrev/låneavtale elektronisk, må desse bli sende inn som vedlegg til søknad om utbetaling av lån.

Søknaden med vedlegg kan sendast elektronisk og sikkert via Digipost til Husbanken org.nr. 942 114 184. Alternativt kan søknaden sendast med ordinær post. Dokument som inneheld personsensitive opplysningar, for eksempel fødselsnummer, må ikkje sendast med e-post. E-post til Husbanken er ikkje kryptert og er derfor ikkje ein sikker måte å sende post på.

Når Husbanken har behandla søknaden om utbetaling av lån:

Når søknaden om utbetaling er behandla vil du/de få gjeldsbrevet/låneavtalen til elektronisk signering.

Alle låntakarar må signere låneavtalen. Skal ein vere eigar av bustaden (heimelshavar), må ein òg vere låntakar.

Lånet blir utbetalt etter at alle lånedokument og dokumentasjon er motteke og funne i orden.

Ditt val av rentevilkår

Alle lån i Husbanken blir utbetalte med flytande rente. Når lånet ditt/dykkar er utbetalt, kan du/de inngå avtale om fastrente. Det gjer du/de på husbanken.no/kunde-i-husbanken. Husbanken sitt rentevilkår finn du på husbanken.no/rente.

Ved spørsmål om lånet eller prosessen vidare kan du/de kontakte Husbanken på telefon **22 96 18 18**.